

ETNE KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Måndag **2. oktober 2017** blei det halde møte i Etne kontrollutval under leiing av utvalsleiar Ståle Tungesvik.

MØTESTAD:	Etne Tinghus, formannskapssalen
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 13.00 – kl. 15.00
MØTANDE MEDLEMER:	Ståle Tungesvik (Sp), Ivan Kaldheim (H) og Ragni S. Fett (V)
MØTANDE VARAMEDLEM:	2. vara Nina Vierdal Vee (Sp) og 3. vara Lars Ebne (Krf)
FORFALL	Sigve Sæle (Sp) – innvilga fritak til 31.12.17, 1.vara Pål S. Rullestad (Ap) – møter fast for Sæle
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Rådgevar Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Forvaltningsrevisor Kari Gåsemyr t.o.m. sak 13, rekneskapsrevisor Else Holst-Larsen, Deloitte AS
ANDRE SOM MØTTE:	Ordførar Siri Klokkestuen (Ap) og rådmann Pål Nygård t.o.m. sak 13
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Sakene blei handsama i denne rekkefylgja: 10, 12, 13, 11, 14 og 15

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 10/17 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 22.05.17

Sekretariatet si innstilling:

Protokollen frå møte i kontrollutvalet 22.05.17 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 02.10.17:

Leiar gjekk igjennom protokollen.

Protokollen blei godkjent utan merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 02.10.17:

Protokollen frå møte i kontrollutvalet 22.05.17 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 11/17 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 02.10.17

23. Statusrapport pr. september 2017
24. Orientering frå FKT-konferansen 7. – 8. juni v/Tungesvik
25. Protokoll frå årsmøte i Forum for kontroll og tilsyn (FKT) – 07.06.17
26. K-styrevedtak 23.05.17, sak 29/17 – fritak frå verv i kontrollutvalet for Åse Langhelle
27. K-styrevedtak 21.06.17, sak 45/17 – suppleringsval til kontrollutvalet
28. Ekstraordinær generalforsamling – Haugalandspakken 30.10.17
29. Haustkonferansen i regi av Forum for kontrollutvalg i Rogaland – 30.11.17

Handsaming i kontrollutvalet 02.10.17:

Sekretær gjorde greie for referatsakene. Tungesvik meinte FKT-konferansen hadde vore interessant og lærerik.

Medlemmer som ønskjer å reise på konferansen i Sandnes 30.11.17 gir beskjed til sekretariatet innan 10. november.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 02.10.17:

Referatsakene 23 - 29 vert tatt til orientering.

SAK 12/17 RAPPORT ETTER FORVALTNINGSREVISJON – «SJUKEFRÅVÆR»

Sekretariatet si innstilling:

1. Etne kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Deloitte AS sin rapport om «Sjukefråvær » og tek denne til orientering.
2. Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine ni tilrådingar.
3. Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan seks månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

Handsaming i kontrollutvalet 02.10.17:

Utvalsleiar innleia. Forvaltningsrevisor Gåsemyr gjorde greie for arbeidet med rapporten. Ho gjorde greie for føremål, problemstillingane og metode. Dei hadde mellom anna gjennomført fem intervju og nytta spørjeskjema.

Ho gjorde greie for revisjonen sine funn og vurderingar. Det var eit avvik mellom kommunen sine og KS sine tal for sjukemeldte. Rådmannen kommenterte dette, og meinte det kunne skuldast måten dei rapporterte og talet på årsverk. Mykje var gjort og var på plass innfor dette feltet i kommunen, men nokon forbetningspunkt hadde dei funne. Ho gjorde greie for revisjonen sine ni tilrådingar.

Medlemmene fekk mellom anna svar på spørsmål om arbeidsrelaterte sjukemeldingar, oppfølging av sjukemeldte, har størrelsen på arbeidsplassen innverknad på tal sjukemeldte og innføring av elektroniske sjukemeldingar.

Medlemmene ønske at det blei lagt til ei tilråding nr ti. Rådmannen blei beden om å finna ut kvifor det er forskjell i innrapporterte tal og kommunen sine egne tal.

Utvalet ønske at alle tilrådingane blei lista opp i innstillinga under pkt. 2.

Utvalsleiar takka for presentasjonen og for arbeidet med rapporten. Revisor blei beden om å presentera rapporten for kommunestyret når den skal handsamast 17.10.17.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 02.10.17 og innstilling til kommunestyret:

1. *Etne kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Deloitte AS sin rapport om «Sjuefråvær » og tek denne til orientering.*
2. *Rapporten vert oversendt til rådmannen med følgjande tilrådingar:*
 - a. *Sikrar at leiarar med personalansvar får tilstrekkeleg opplæring knytt til førebygging og oppfølging av sjuefråvær, inkludert kva verkemiddel det er mogleg å nytte og søke støtte til.*
 - b. *Etablerer eit system for å evaluere og dele erfaringar knytt til sjuefråværsarbeid som vil vere relevant både for leiarar og AMU.*
 - c. *Sikrar at sjukemeldte medarbeidarar alltid blir følgt opp i tråd med krav i regelverket.*
 - d. *Sikrar at leiarar og tilsette er kjent med den kommunale rutinen for førebygging og oppfølging av sjukemeldte.*
 - e. *Rettar større merksemd mot å sikre at arbeidstakarane deltek i arbeidet med å finneløysingar som hindrar unødig sjuefråvær.*
 - f. *Sikrar at det blir gjennomført systematiske evalueringar av måloppnåing knytt til sjuefråværsarbeidet i kommunen.*
 - g. *Etablerer eit register for arbeidsrelatert sjukdom i samsvar med arbeidsmiljølova § 5-1 for å kunne vurdere målretta tiltak og oppfølging.*
 - h. *Sikrar tydelege rutinar for refusjon frå NAV i samband med sjuefråvær som omhandlar fristar og omtale av når det er mogleg å søke refusjon for sjuepengar i arbeidsgjevarperioden.*
 - i. *Gjennomfører undersøkingar for å avklare kva brot på regelverket som kan oppstå og har oppstått som følgje av sjuefråvær, og sette i verk relevante tiltak.*
 - j. *Avklare kvifor det er avvik i innrapporterte tal til KS og KOSTRA og kommunen sine egne tal.*
3. *Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan seks månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.*

SAK 13/17 VAL AV FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT

Sekretariatet si innstilling:

Etne kontrollutval ber Deloitte AS om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjektet "xxxxx" til møte 20.11.17

Handsaming i kontrollutvalet 02.10.17:

Leiar innleia om sak. Han orienterte om invitasjonen frå Vindafjord om å delta i eit felles prosjekt som omhandla «IKT og informasjonstryggleik».

Medlemmene drøfta framlegget. Rådmannen meinte det var et veldig aktuelt område å undersøkje. Forvaltningsrevisor svarte på spørsmål og noterte seg innspel.

Utvalet vart samd om å takka ja til invitasjonen frå Vindafjord.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 02.10.17:

Etne kontrollutval ber Deloitte AS om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjektet " IKT og informasjonstryggleik " til møte 20.11.17.

Revisjonsprosjektet er i samarbeid med Vindafjord kontrollutval.

SAK 14/17 REVISJONSPLAN FOR REKNESKAPSÅRET 2017

Sekretariatet si innstilling:

Etne kontrollutval tar presentasjonen av overordna revisjonsstrategi for 2017 til orientering

Handsaming i kontrollutvalet 02.10.17:

Revisor Holst-Larsen orienterte om revisjonsplanen og viste den på skjerm. Ho ønskte at planen også blei sendt ut til medlemmene. Ho gjorde greie for omfang og angrepsvinklar, orienterte om vesentlegheitsgrenser, fokusområder, verdiar og eigenerklæringa. Revisor svara på spørsmål undervegs.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 02.10.17:

Etne kontrollutval tar presentasjonen av overordna revisjonsstrategi for 2017 til orientering

SAK 15/17 UTVALET SITT FRAMLEGG TIL BUDSJETT FOR KONTROLL OG TILSYN 2018

Sekretariatet si innstilling:

Samla budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i Etne kommune for 2018 vert på i alt **kr 640.000,- eks mva** fordelt på følgjande:

Kontrollutvalet (teneste 1100 funksjon 100/110)	kr	88.000
Kjøp av sekretærtenester (teneste 1100 art 13750)	kr	172.000
Kjøp av revisjonstenester (teneste 1100 art 13700)	kr	380.000
Totalt	kr	640.000

Handsaming i kontrollutvalet 02.10.17:

Utvalet hadde ingen merknader og slutta seg til budsjettet slik det var fremma.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 02.10.17:

Samla budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i Etne kommune for 2018 vert på i alt kr 640.000,- eks mva fordelt på følgjande:

<i>Kontrollutvalet (teneste 1100 funksjon 100/110)</i>	<i>kr</i>	<i>88.000</i>
<i>Kjøp av sekretærtjenester (teneste 1100 art 13750)</i>	<i>kr</i>	<i>172.000</i>
<i>Kjøp av revisjonstjenester (teneste 1100 art 13700)</i>	<i>kr</i>	<i>380.000</i>
<i>Totalt</i>	<i>kr</i>	<i>640.000</i>

EVENTUELTSpørsmål om habilitet

Leiar orienterte i starten av møtet om at han er vald som leiar av styret for Skakkesenteret. Dette er eit AS der kommunen er deleigar. Sekretær og revisor viste til lovverket og meinte det ikkje var til hinder for å halde fram som leiar av kontrollutvalet. Sekretær blei beden om å sjå nærare på spørsmålet.

Neste møte: måndag 20.11.17, kl. 13.00

Etne/Aksdal, 2. oktober 2017

Ståle Tungesvik
Kontrollutvalsleiar

Odd Gunnar Høie
Utvallssekretær